

Kommunane i Sunnhordland:

Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad; Stord, Sveio, Tysnes

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)  
200000078-379/656.T07/GBOL

Dykkar ref.:

Bergen, 27. juli 2005

## Oppmoding om auka tilskott til Sunnhordland Museum

Vi viser til tidlegare brev med oppmoding om å styrkja budsjettgrunnlaget for Sunnhordland Museum, og til møte med dei fleste kommunane der utfordringane for det nye museet har vore presenterte. Her har samanhengen mellom budsjett og tenestetyting frå museet til innbyggjarane i Sunnhordland, vore vektlagd. Responsen har vore positiv, og det er semje om at museet har ei viktig rolle som regional kulturinstitusjon i brei forstand.

Det er likevel rom for sterkare lokal innsats for å byggja ut museet. Frå fylkeskommunen si side har vi rådd til ei kommunal medfinansiering på kr. 20.- pr. innbyggjar, og kr. 25.- for vertskommunen. I landssamanheng er dette heller små summar, men det kan vera ein god start. Ein opptrappingsplan over tre år kan vera ein veg å gå.

Hordaland fylkeskommune er i landssamanheng på topp når det gjeld fylkeskommunale museumstilskot. Staten har ein intensjon om å yta inntil 60 % av driftstilskottet til konsoliderte museum, og medan vi ventar på at Staten tek ansvaret for museumsreformmidlar til Hordaland, er det viktig at alle forvaltningsnivåa bidreg til å utvikla musea til beste for innbyggjarane i Hordaland.

Venleg helsing

Ingebjørg E. Astrup  
fylkeskultursjef

Gerd Bolstad  
fylkeskonservator

Kopi: Sunnhordland Museum  
Økonomiavdelinga

